

Referat Vår møte Hopp og Kombinert, digitalt 27.05.2021

Til stades: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Rune Rebni Pedersen, Lars Kveen, Lars Brekke

SAK 1: Godkjenning og innkalling og sakliste

Vedtak:

Møtet godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 2: Val av referent

Vedtak:

Jon Ove Lomheim valt som referent

SAK 3: Samlingar/terminliste 2021-2022

Vedtak:

Framlegg for sommar/haust:

1. KM 2021 vart ikkje avvikla på snø, og avvikling på plast er det liten interesse for.
2. Samling Ålesund (Vikabakken) 18.-20.06.21
3. Samling Bjørkelibakkane ?
 - a. Avhengig av lokal interesse og samarbeid med Ålesund ev Voss.
 - b. Jan Inge og Rune arbeider vidare med muleg opplegg

Framlegg for vinter:

4. Terminlisteansvarleg: Jon Ove
5. Terminlisteframlegg vert utarbeida til hausten av komiteen
 - a. Prioritera rekrutteringsrenn og krinsrenn i Bjørkelibakkane
 - b. Prioritering krinsrenn og samlingar i Bjørkelibakkane med bakkestorleik med omsyn til bruk av ressursar for hoppklar bakke og værprognose (oppstart helst snarast mogeleg etter nok snø i bakkeanlegget).
 - c. Listeframlegg koordinerast med Hordaland og Møre & Romsdal



SAK 4: Rekrutteringsarbeid i klubbane

Vedtak:

Framtida for hopp i Sogn og Fjordane er avhengig at fleire klubbar skapar aktivitet for ungar.

Klubbar vert oppmoda med skulen om skidagar der hopp også er med, deretter få foreldre til å følgje opp interesserte ungar.

Komiteen må følgje opp aktuelle klubbar og stimulera interesse.

SAK 5: Anlegg

Vedtak:

1. Komiteen støttar framlegg til Anleggsplan 2021-2025 SFSK
2. Lokale eigarar/ idrettslag er ansvarleg for gjennomføring. Skikrinsen kan bidra med praktisk støtte ved kommunal prioritering for spelemidlar.

SAK 6: Økonomi/marknad

Vedtak:

1. Vår møte ønskjer prioritera meir attraktive premiar til rekrutteringsrenn og rekrutteringstiltak.
2. Vår møte ønskjer prioritera meir midlar til dei som satsar nasjonalt.
3. Den nyvalte komiteen drøftar dette vidare i sitt arbeid.

SAK 7: Dommarutvalet i Sogn og Fjordane Skikrins

1. Orientering v/leiar.

Medlem Knut Leirgulen er flytta til sørlandet og framlegg om Kari Gjelsvik til nytt medlem.



SOGN OG FJORDANE
SKIKREIS

2. Dommarutvalet vert etter dette:

Lars Brekke, leiar

Per Birger Lomheim

Kari Gjelsvik

Framlegget vert fremja til tinget.

EVENTUELT

- **Fagmøte skiforbundet:**

Hopp 10.juni, kl 18-20.30: Jon Ove melder seg på med Jan Inge som reserve

Kombinert 11.juni, kl 13-16: Johnny melder seg på

Ref.

Jon Ove Lomheim